

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
19. 02. 2015	
Ark. saknr. 15/90	Løpenr.
Sakslr.	Tilgangskode

REF: SF54VF  
FUBGKS

*H. Gaule*

# Årsmelding for Hundvingrend Indremisjon 2014

Eit nytt år er i gang, med nye oppgaver og utfordringar! Av og til kan oppgåvene sjå ut som høge fjell, andre gonger er det flatt og lett å gå. Godt er det at Hans nåde er ny kvar dag. Me kan få tilgjeving, verta oppreiste etter fall og nederlag, og få starta på nytt! Han har lova å vera med oss kvar dag, Matt.28,20. Han vil gje oss den kraft og styrke som me treng, Jes.40,29: "Han gjev den trøytt kraft, og den som ingen krefter har, gjev han stor styrke". Han har også endå meir i vente for oss: Jes.45,3: "Eg vil gje deg skattar som er dulde i mørkret, og rikdomar som er gøymde på løynlege stader, så du kan vita at eg er Herren, Israels Gud, som kalla deg på namn". La oss idet nye året leita etter desse gøymde rikdomane! Eg trur dei finst først og fremst i ordet hans!

## Styret i år har vore slik:

Leiar: Kari Brundtland  
Nestleiar: Anne Karin Leivestad Hauge  
Kasserar: Kaare Gaulen (valt for 2 år)  
Skrivar: Brita Bogevik  
Styremedlem: Solveig Serigstad Hauge (valt for 2år)  
Varafolk: Inger Anne Andersen og Johannes Hauge

## Basarnemd:

Britt Torsvik  
Elfrid Gaulen  
Gunhild Sætre

## Valnemd:

Jostein Hauge  
Anita Gjerstad (valt for 2 år)

## Revisorar:

Jostein Hauge  
Rune Brundtland

## Husstyre:

Åslaug Hauge  
Magnus Nilsen (ny)  
Geir Ove Solsvik

## Utsendingar til årsmøtet i Nordhordland Indremisjon:

Kaare Gaulen og Anita Gjerstad.

Andreas Bogevik har hatt ansvar for oppvarming av huset, og snøbrøyting, men sidan han vart sjuk i oktober, har Bjarte Brundtland teke dette på seg inntil no. Jostein Hauge er framleis representanten vår i samarbeidskomitéen av bedehusa Lindås, Natås, Myking, Ebeneser Fammestad, Leirvåg og Konglevoll.

Styret har i år hatt 8 styremøte og har teke føre oss 41 saker. Me har hatt 2 medlemsmøte, eitt om våren, og eitt om hausten. På medlemsmøtet i april drøfta vi eit utkast til nye Lover og Husreglar. Desse vart reviderte noko i høve til første utkast, og må takast opp til endeleg vurdering no på årsmøtet. På medlemsmøtet i haust gjorde me vedtak om å støtta utbygginga på Bildøy Bibelskule med kr.3000,- i fem år.

I vår hadde me to temakveldar og to doble bibeltimar. Til desse hadde me talarar frå Nordhordland indremisjon. Temaet for våren var: *"Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik, og størst av dei er kjærleiken."* 1.Kor 13,13.

I haust hadde me eit samarbeid med Lindås, Myking og Natås om ein gjennomgang av Romarbrevet. Her hos oss hadde me i det høvet 4 temakveldar og 1 bibeltime, alle med talarar frå Nordhordland Indremisjon. Totalt har det vore 14 møter med dette felles temaet. dette fellesopplegget vart førebudd gjennom nokre arbeidsamlingar om våren, der representantar frå dei ulike bedehusa møtte. Dei erfaringane vi har hausta er at det er mest naturleg for oss å samarbeida med Lindås. Denne våren har vi ikkje fellestema med Lindås, men oppmodar alle om å nytta dei møtetilboda som dei gjev oss (sjå baksida av programmet vårt!).

Det har vore Nattkafé 4 gonger i vår - og 4 gonger i haustsemesteret. Desse er fast første fredag i mnd. Hege m.fl har gått i bresjen for dette opplegget. Dette er eit tilbod for unge og vaksne, frå 7klasse og oppover. Det er omtrent 20 personar som møter kvar gong, og nesten alltid er det nokre nye. Her er det andakt, kafé, brettspel og ballspel.

Laurdagstimen har samling omtrent to gonger i månaden. Her møtes barn frå nokre veker gamle til konfirmasjonsalderen. Mange foreldre og /eller besteforeldre er med borna, nokre og som leiarar eller hjelparar. Anita Gjerstad er hovudleiar. Kvar gong stiller kjøkkenpersonale frå Indremisjonen opp, kokar graut og lagar til. Det er Britt Torsvik som så godt organiserer dette. Dette er svært populære samlingar, ofte er det 35-40 born tilstades, i tillegg mange vaksne! 15.desember arrangerte laurdagstimen konsert med Jarle Waldemar. Barna møtte opp kl.13.30 og øvde til konserten saman med Jarle Waldemar. Dei gjorde ein flott innsats! Det var ein fin konsert for både store og små. Etter konserten vart det servert gryterett. Dei fleste av dei ca.130 som møtte opp, var og i matsalen og fekk seg mat.

Israelsmisjonen har hatt eit møte om våren med Victor Bakke.

NLM hadde årsmøtet sitt her hos oss i mars, og møter ved Marit Tingbø i april.

Det har vore 6 storsamlingar i år, fordelt på vår og haust. Jostein, Anne Karin og Solveig har teke ansvar for program her, medan ei gruppe har teke seg av det praktiske med tillaging, mat og opprydding. Dette er kjekke samlingar for alle aldersgrupper, og der lokale krefter tek seg av det heile og får bruka evner og gåver.

Den 26.10 var det barnedåp på Storsamlinga, då vart Hannah Storsæter døypt!

Også dette året hadde me, nattverdsmøte skjærtorsdag. Denne gongen var Leiv Nesheim med oss.

I mars hadde Solveig og Øyvind eit møte kalla "Barnetru med noko attåt", der dei fortalde om si gjerning i Thailand.

I mai hadde me den årlege og populære grillbasaren, og i juni jonsokfeiring ved Gaulevatnet. THK hadde sin årlege basar i august. På medlemsmøtet i november vart det gjeve støtte til styret sitt vedtak om å støtta THK i 5 år framover, m.a ved å stilla huset til rådighet til møter med meir, og 3000kr pr år desse 5 åra.

I slutten av august var det forsamlingstur til leirstaden Alværa. Det var 30 personar med på turen, ei fin blanding av store og små. Frå Nordhordland Indremisjon hadde vi med Jeanette Brakvatne og Karen Sofie Aasmyr. Jeanette hadde familiemøte på laurdag, og søndag fine opplegg med borna. Karen Sofie hadde gode bibeltimar om nådegåver på søndag. Det var ein veldig kjekk og givande tur med god mat, godt vær, godt sosialt fellesskap og åndeleg påfyll. Det er ynskje om fleire slike turar, derfor har vi no alt tinga Fjon den siste helga i august 2015.

Enjoy Gospel har annankvar av sine øvingar her i bedehuset hos oss, og annankvar gong på Lindås. Dei held seg til måndagskveldane, og i haust har dei hatt øving annakvar veke her. Konfirmantane får tilbod om å vera med i koret som ledd i konfirmantopplegget. 1. desember gledde dei oss med flott adventkonsert!

Julefesten kom på dette kalenderåret. Det var ein riktig triveleg fest. Ordførar Astrid Aarhus Byrknes held andakt, og eit flott program var det elles, med deltaking born og vaksne. Over 80 personar kom på festen.

Bønemøta kvar måndagskveld er framleis eit viktig grunnelement i arbeidet! Må Gud velsigna dei som er med der, dei som stadig legg alle dei andre inn for Gud i bøn! Også i år

har Gunhild og Inger Anne vore pådrivarar her. Britt er framleis vår trufaste kontakt i det store fellesskapet som fellesbønemøta er. Desse møta er 2.mandag i mnd., omkring på ulike bedehus.

I år hadde me ein stor dugnad i februar. Då vart heile matsalen opprusta, og seinare har dei unge rydda og mala så fint på lager/toalettrom. Elles hadde vi ein dugnad som vanleg i slutten av april. Etter det har ein skilde medlemmer gjort mykje dugnad ute med maling. Parkeringsplassen vart skrapa ein gong om våren. Vi har og gått til innkjøp av varmpumpe i storsalen p.g.a. defekt eswa i golvet.

På det siste styremøtet i 2014 var det vedteke å skaffa betalingsterminal på bedehuset. Den er no på plass. Vi håpar den vil bli flittig bruka framover.

Til slutt vil styret takka alle for ein flott innsats i året som har gått. Spesielt kjekt er det at så mange av dei unge stiller opp, er engasjerte, tek ansvar og gjer ein flott jobb! Det gler vi oss over.

Til slutt vil vi minnst alle som har gått bort i 2014:

Sigmund Malvin Nesbø  
Johanna Konglevoll  
Jacob Seljelid  
Ragnhild Johanna Kvalvågnes  
Ida Halland

For Hundvingrend Indremisjon, 23.01.15., Brita Bogevik

**Resultat**

Periode: 1 - 12

Regnskapsår: 2014

Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
<b>Driftsresultat</b>				
<b>Driftsinntekter</b>				
<b>Salgsinntekter</b>				
3000	Medlemspenger	-2 500,00	-3 000,00	500,00
3010	Basar	-30 956,00	-27 000,00	-3 956,00
3015	Gjevarteneste	-64 689,86	-75 000,00	10 310,14
3100	Kollektar	-12 925,00	-5 000,00	-7 925,00
3120	Festar og tilstelningar	-1 960,00	-10 000,00	8 040,00
3210	Andre inntekter	-49 821,50	-30 000,00	-19 821,50
	<b>SUM Salgsinntekter</b>	<b>-162 852,36</b>	<b>-150 000,00</b>	<b>-12 852,36</b>
<b>Andre inntekter</b>				
3600	Husleigeinntekter	-12 700,00	-12 000,00	-700,00
	<b>SUM Andre inntekter</b>	<b>-12 700,00</b>	<b>-12 000,00</b>	<b>-700,00</b>
	<b>SUM Driftsinntekter</b>	<b>-175 552,36</b>	<b>-162 000,00</b>	<b>-13 552,36</b>
<b>Driftskostnader</b>				
<b>Varekostnad</b>				
4000	Driftsutgifter	44 606,97	33 000,00	11 606,97
	<b>SUM Varekostnad</b>	<b>44 606,97</b>	<b>33 000,00</b>	<b>11 606,97</b>
<b>Andre driftskostnader</b>				
6000	Avskrivning på bygning	20 000,00	20 000,00	0,00
6015	Avskrivning på inventar	20 050,00	20 000,00	50,00
6200	Straum	27 996,51	28 000,00	-3,49
6550	Andre utgifter	3 119,82	5 000,00	-1 880,18
7020	Vedlikehald	32 609,40	40 000,00	-7 390,60
7420	Fast gåve til NI	35 000,00	35 000,00	0,00
7440	Gåver/kollektar	15 023,00	10 000,00	5 023,00
7500	Forsikringspremie	11 331,00	11 000,00	331,00
	<b>SUM Andre driftskostnader</b>	<b>165 129,73</b>	<b>169 000,00</b>	<b>-3 870,27</b>
	<b>SUM Driftskostnader</b>	<b>209 736,70</b>	<b>202 000,00</b>	<b>7 736,70</b>
	<b>SUM Driftsresultat</b>	<b>34 184,34</b>	<b>40 000,00</b>	<b>-5 815,66</b>
<b>Finansinntekt og -kostnad</b>				
<b>Finansinntekter</b>				
<b>Renteinntekter</b>				
8050	Renteinntekt	-1 643,00	-2 000,00	357,00
	<b>SUM Renteinntekter</b>	<b>-1 643,00</b>	<b>-2 000,00</b>	<b>357,00</b>
	<b>SUM Finansinntekter</b>	<b>-1 643,00</b>	<b>-2 000,00</b>	<b>357,00</b>
<b>Finankostnader</b>				
<b>Rente kostnader</b>				
8150	Bankgebyr	168,00	0,00	168,00
	<b>SUM Rente kostnader</b>	<b>168,00</b>	<b>0,00</b>	<b>168,00</b>
	<b>SUM Finankostnader</b>	<b>168,00</b>	<b>0,00</b>	<b>168,00</b>

**Resultat**Periode: 1 - 12  
Regnskapsår: 2014

Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
	SUM Finansinntekt og -kostnad	-1 475,00	-2 000,00	525,00
	Årsresultat	32 709,34	38 000,00	-5 290,66
	Avsetninger	0,00	0,00	0,00
	Årsresultat etter avsetninger	32 709,34	38 000,00	-5 290,66

**Balanse**

Dato: 23.01.2015

Periode: 1- 12

Side: 1

Regnskapsår: 2014

Konto	Tekst	Inngående balanse	Reelt i periode	Utgående balanse
<b>Eiendeler</b>				
<b><u>Anleggsmidler</u></b>				
Varige driftsmidler				
1100	Bygninger	450 000,00	-20 000,00	430 000,00
1250	Inventar	46 000,00	17 000,00	63 000,00
	<b>SUM Varige driftsmidler</b>	496 000,00	-3 000,00	493 000,00
	<b>SUM Anleggsmidler</b>	496 000,00	-3 000,00	493 000,00
<b><u>Omløpsmidler</u></b>				
Investeringer				
1820	Andre aksjer	2 000,00	0,00	2 000,00
	<b>SUM Investeringer</b>	2 000,00	0,00	2 000,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.				
1920	Bankinnskudd	151 025,70	-29 709,34	121 316,36
	<b>SUM Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>	151 025,70	-29 709,34	121 316,36
	<b>SUM Omløpsmidler</b>	153 025,70	-29 709,34	123 316,36
	<b>SUM Eiendeler</b>	649 025,70	-32 709,34	616 316,36
<b>Egenkapital og gjeld</b>				
<b><u>Egenkapital</u></b>				
Over-/underskudd				
8800	Udisponert årsresultat (underskudd)	0,00	32 709,34	32 709,34
	<b>SUM Over-/underskudd</b>	0,00	32 709,34	32 709,34
Opptjent egenkapital				
2050	Annen egenkapital	-37 760,57	0,00	-37 760,57
	<b>SUM Opptjent egenkapital</b>	-37 760,57	0,00	-37 760,57
	<b>SUM Egenkapital</b>	-37 760,57	32 709,34	-5 051,23
	<b>SUM Egenkapital og gjeld</b>	-37 760,57	32 709,34	-5 051,23

Rekneskapen revidert 30/1-2015

Rune Brundland

Justin Hauge

	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
<b>Inntekter</b>			
Medlemspengar	3 000	3 000	2 500
Basar	30 000	27 000	30 956
Gjevarteneste	75 000	75 000	64 690
Kollektar	10 000	5 000	12 925
Festar og tilstelningar	10 000	10 000	1 960
Andre inntekter (inkl. kulturmidlar)	30 000	30 000	49 821
Husleige	12 000	12 000	12 700
Sum inntekter	170 000	162 000	175 552
<b>Utgifter</b>			
Driftsutgifter	40 000	33 000	44 607
Straum	26 000	28 000	27 997
Andre utgifter	4 000	5 000	3 120
Vedlikehald	10 000	40 000	32 609
Fast g�ve til NI	40 000	35 000	35 000
G�ver/kollektar	15 000	10 000	15 023
Forsikringspremie	12 000	11 000	11 331
Sum utgifter	147 000	162 000	169 687
<b>Driftsresultat f�r avskrivningar</b>	23 000	0	5 865
Driftsresultat etter avskrivningar	- 17 000	- 40 000	- 16 337

**Investeringar**

Ventilasjonsanlegg kjøkken	30 000		
Lydanlegg	13 000		
Varmepumpe		37 000	37 000
Teknisk utstyr		10 000	
<b>Bank 31.12</b>	<b>101 000</b>	<b>106 000</b>	<b>121 000</b>

Note: I posten på 40 000 for 2015 inngår 30 000 til ventilasjonsanlegg kjøkken